

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 15.06.2017

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen frå Deloitte orienterte om status i høve pågåande forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det framleis er utfordane å få ut informasjon frå fylkeskommunen som revisor treng til å gjennomføre revisjonen.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS i revisjonsrapportar utvidar samandraget noko og flyttar konklusjonar og tilrådingane rett etter dette. Vurdere om det også kan leggjast inn lesarretteiing i starten av samandraget.

Med dette som nytt punkt 2 vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner ein auke på 40 timar slik at den totale ramma etter dette vil verta 436 timar for forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte AS i revisjonsrapportar utvidar samandraget noko og flyttar konklusjonar og tilrådingane rett etter dette. Vurdere om det også kan leggjast inn lesarretteiing i starten av samandraget.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.